

Tilskotet gjeld for eit år om gongen.

Søknadsfrist er i mai kvart år, og det vil bli annonsert.

Retningslinjer:

1. Som veg reknast vegsystem frå offentleg veg med alle samleveggar og greiner som tener ein eller fleire bustadar med fast heilårs busetnad.
2. Når det er fleire interesser enn ein husstand til vegen, er det krav om veglag med føresegner godkjent av kommunen for å få utbetalt tilskot.
3. Veglag skal ha leiar, kasserar og eigen bankkonto. Tilskotet blir utbetalt til veglaget sin konto.
4. Lengda på veg blir rekna med grunnlag i alle greiner til fast busetnad.
5. Lengda som blir grunnlag for tilskot blir redusert med 200 meter for kvar husstand. Dersom det ligg hytter langs vegen blir det trekk i veglengda på 50 meter for kvar hytte. Lengda kan og reduserast for industri, næring, kraftproduksjon og liknande, med ei lengde som står i høve til omfanget av tiltaket.
6. Kommunestyret vedtek kor stort tilskotet skal vere pr. meter veg i samband med budsjett. Dette blir gjeldande frå 2020.